

Forskrift om skulerute 2027-2028, Klepp kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Klepp 09.02.2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2027-2028.

Elevane har rett og plikt til å møte på dei dei fastsette dagane. Forskrifta gjeld elevar ved alle kommunale grunnskular i Klepp kommune skuleåret 2027 -2028.

§ 2. Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekka seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker og elevane skal ha minimum 190 skuledagar. Dato for oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, vinterferie og påskeferie er felles for alle skulane og kan ikkje endrast på.

§3 Planleggingsdagar

Skulen skal ha seks planleggingsdagar per skuleår. Desse dagane er felles for alle skulane i Klepp og ligg på dagar utanfor dei 190 skuledagane til elevane.

Endringar kan gjerast ved den einskilde skule, dersom det ikkje medfører utgifter til ekstra skyss og at endringane er gjort i samråd med skulen sin rådsorgan og involverte barnehagar. Endringar skal godkjennast av skulesjef. Dato for planleggingsdagar for SFO kan ikkje endrast på.

§ 4. Skuleruta 2027-2028

Månad	Ferie/fri	Skuledagar
August	Onsdag 18.august er første skuledag for elevane	10
September		22
Oktober	Hautferie veke 41 Måndag 11. - fredag 15.oktober	16
November	Fri for elevane fredag 12.november	21
Desember	Tysdag 21.desember er siste skuledag før jul	15
Januar	Fri for elevane måndag 3.januar Tysdag 4. januar er første skuledag etter jul.	20
Februar/	Vinterferie veke 9 Måndag 28.februar - 3.mars	19
Mars	Vinterferie 1., 2. og 3.mars	20

Månad	Ferie/fri	Skuledagar
April	Påskeferie veke 15 Frå måndag 10. til og med 17.april. Onsdag 19.april er første skuledag etter påske.	13
Mai	Måndag 1.mai: Offentleg høgtidsdag Onsdag 17.mai: Grunnlovsdag Torsdag 25. mai: Kristi himmelfartsdag Fredag 26.mai: Fridag for elevane	19
Juni	Måndag 5.juni: 2.pinsedag Torsdag 22. juni er siste skuledag for elevane	15
Sum skuledagar		190

Planleggingsdagar skule	Planleggingsdagar barnehage	Planleggingsdagar SFO
Måndag 16. og tysdag 17.august	Måndag 16. og tysdag 17.august	Måndag 2.august og måndag 16.august
Fredag 12.november	Fredag 12.november	Fredag 12.november
Måndag 3.januar	Måndag 3.januar	Måndag 3.januar
Tysdag 18.april		-----
Fredag 26.mai	Fredag 26.mai	Fredag 26.mai

§ 5. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1.august 2027 og blir oppheva 31.juli 2028.